

Fra: Ola Midttun (Ola.Midttun@fiskeridir.no)

Sendt: 27.03.2015 14:26:48

Til:

Kopi: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Emne: Vaksdal kommune Hordaland - Planprogram for rullering av kommuneplanen - uttale til høyringsutkast

Vedlegg:

Vaksdal Kommune
Konsul Jebsensgate 16

5722 DALEKVAM

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon

Vår referanse: 15/2567

Dykkar referanse:

Vår dato: 27.03.2015

Dykkar dato: 18.02.2015

Att:

Elektronisk post

VAKSDAL KOMMUNE HORDALAND - PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEPLANEN - UTTALE TIL HØYRINGSUTKAST

Vi viser til dykkar brev av 18.02.2015 med varsel om oppstart av arbeid med kommuneplanen og høyring av framlegg til planprogram.

Om planprogrammet

Gjeldande kommuneplan, arealplanen og samfunnsplanen, vart vedteke før den nye planloven kom i 2010 og fleire tema i planen har trong for revisjon. I kommunal planstrategi frå 2012 har kommunen bestemt at både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen skal reviderast. Planprogrammet tek for seg 4 ulike tema der det er trong for revisjon, og til kvart av tema har ein definert kva som er hovedutfordringar kva spørsmål ein må arbeide vidare med i planprosessen:

1. Folketalsutvikling
2. Bustadsutvikling
3. Næringsutvikling
4. Samferdsle

Ein legg opp til revisjon av både samfunnsdel og arealdel i parallelle prosessar.

Tema i gjeldande kommuneplan som ennå står seg godt er føreslått vidareført utan endringar.

Fiskeridirektoratet region vest meiner at planprogrammet inneheld klårt definerte tema og spørsmål ein vil arbeide vidare med på bakgrunn av kommunal planstrategi som vart vedteke i 2012. Vi ser likevel utfordringa med å sette opp eit felles program for revisjon samfunnsdelen og arealdelen med parallelle planprosessar. Arealplanlegginga skal følgje opp dei måla som vert definert gjennom samfunnsplanen, og vi meiner såleis at det vil vere

vanskeleg å lage eit konkret program for arealplanlegginga før samfunnsplanen er klår.

Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Planansvarleg, i dette tilfelle kommunen, har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, mens Fiskeridirektoratet sine regionkontor har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.

Innspel frå Fiskeridirektoratet region vest

Fiskeriinteressar – låssettingsplassar og trålfelt

Sjøområda innafor Vaksdal kommune er på generelt grunnlag lite nytta til næringsmessig fiske og vi har få data av nyare dato som seier noko om bruken av sjøområde til fiske. På generelt grunnlag meiner vi at arealbruk i sjøområda som er bestemt etter gjeldande plan tek tilstrekkeleg vare på fiskeriinteressene. Det er teke med ei rekke låssettingsplassar i planen som tidlegare vart nytta til fiske etter brisling. Dette er låssettingsplassar som er sjeldan nytta i dag, og vi meiner såleis at det er grunnlag for å vurdere omdisponering av arealbruka i desse områda dersom det er trong for det. Vi legg til at slike vurderingar må takast i samråd med fiskarlaget. Trålfelta har vore nytta til tråling av fjordreke, men vert mindre nytta i dag fordi rekeressursen har gått mykje tilbake dei siste 15-20 åra. Innafor eit langsiktig perspektiv kan rekeressursen kome tilbake, og Fiskeridirektoratet ber derfor om at desse områda vert sikra mot arealbruk som kan kome til hinder for tråling.

Marint biologisk mangfald – gyteområde torsk

Fiskeridirektoratet har kartlagt av gyte- og oppvekstområde for fisk basert på intervju med lokalkjende kystfiskarar. Som del av kartlegging av marint biologisk mangfald, nyttar Havforskningsinstituttet Fiskeridirektoratet sin data som grunnlag for verifisering av gyteområde for kysttorsk. Kysttorsken er viktig for økosystema langs kysten, og er samstundes grunnlag for ein stor del av kystfiskeria. Det har vore nedgang i bestandane av kysttorsk gjennom fleire år, og situasjonen er framleis bekymringsfull, ifølgje havforskarane. Gyteområda som er teke inn i arealplanen er i samsvar med Fiskeridirektoratet sine registreringar. Av omsyn til bevaring av gyteområda, ber vi om at arealbruk i desse områda vert vidareført.

Akvakultur

Ved Sandvik er det etablert eit anlegg som driv produksjon av matfisk av laks og aure. Arealbruk i området er sett av for akvakultur etter gjeldande plan. Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at slik arealbruk kjem i konflikt med fiskeriinteressar i området og vi går såleis inn for at arealbruk vert vidareført. Det er Hordaland fylkeskommune som forvaltar regelverk for godkjenning av akvakulturlokalitetar, og vi viser til dei for spørsmål til om det er trong for justering av område som er sett av for akvakultur.

Medverknad frå næringsinteressar fiskeri og akvakultur

Det er viktig at kommunen legg til rette for medverknad frå både fiskeri- og akvakulturnæringa gjennom heile planprosessen. Dette sit med grunnleggande kunnskap om si næringsverksemd, og må få høve til å legge fram synspunkt og definere kva trong dei har for areal i dag og i framtida. Planprogram og alle høyringsframlegg som kjem i berøring med deira interesseområde skal sendast på høyring til fiskeri- og akvakulturnæringa sine interesseorganisasjonar.

Fiskeridirektoratet si kartløyising

Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finnast i kartløyisinga på Fiskeridirektoratet si heimeside www.fiskeridir.no. Kartløyisinga er open for alle og data om kystnære fiskeområde og godkjende akvakulturlokalitetar kan lastast ned til SOSI- og SHAPE-format.

- Kystnære fiskeridata.

Data om fiskeområde basert på intervju Fiskeridirektoratet har føreteke med lokalkjende fiskarar

o Gytefelt

o Gytefelt MB (gytefelt for torsk som er verifisert av Havforskningsinstituttet gjennom marinbiologiske undersøkingar)

o Oppvekst – beiteområde

o Fiskeplassar – aktive reiskap (område kor det vert nytta aktive reiskap som t.d. not, trål og snurrevad)

o Fiskeplassar – passive reiskap (område kor det vert nytta passive reiskap som t.d. garn, line, snøre, teine og ruse)

o Låsettingsplassar (område som vert nytta til oppbevaring og mellomlagring av levande fisk, i hovudsak brisling, sild, makrell og sei)

o Skjelførekost (område som har vore nytta til kommersiell hausting av skjel)

o Tareførekost (førekost av stortare, førebels berre for Troms fylke)

o Tare- haustefelt (regulerte haustefelt for tare)

- Akvakultur – godkjende lokalitetar

Godkjende lokalitetar for å drive akvakultur. Data er tematisert etter art og føremål.

- Marint biologisk mangfald

Data om marine naturtypar registrert i Naturbase som del av "Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold".

Med helsing

Hanne Marie Utvær

rådgjevar

Ola Midttun
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Vaksdal Kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	DALEKVAM
-----------------	--------------------------	------	----------

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND